

KOMMUNEPLAN 2019 – 2031

Vedtatt i Sauda kommunestyre 20.05.2020



Sydande Sauda – eit kraftsenter

Sauda - eit framtidsretta kraftsenter

Kommuneplanen fortel korleis me skal møte framtida, og korleis me vil utvikla samfunnet vårt fram mot 2030. Dette handlar om langsiktige målsettingar, og ei prioritert utviklingsretning som skal sikra berekraftig utvikling for kommunen som samfunn og som organisasjon. Me skal handtera samfunns-utfordingane våre og samtidig utvikla staden på lang sikt.

For at Sauda kommune skal lykkast med sine satsingar må rammar for økonomi, rolla som arbeidsgjevar og administrative tenester vera på plass.

Kommuneorganisasjonen må riggast for å møte framtidas behov. Samhandling med omverda er avgjerande for å lykkast i dette. Samfunnsutvikling er eit fellesprosjekt der kommunen er ein av mange aktørar som arbeider for å utvikla Sauda. Innbyggjarar, næringslivet, fylkeskommunen, nabokommunar, institusjonar og frivillige spelar viktige roller i arbeidet med å gjere Sauda til ein attraktiv stad å leva og arbeide. Kommunen må etablera gode arenaer for samarbeid, kor det offentlege, frivillige og private saman kan skapa gode løysingar.

Sauda skal vera ein attraktiv småby for folk og næringsliv, med eit heilskapleg og levande sentrum tett på storstått natur. Eit samfunn som fleire har lyst til å komma til, kor folk trivast og kor det skapast arbeidsplassar. Viktige premiss er å nyttja eigne ressursar og vår eigenart så me framstår som ein interessant stad med ettertrakta arbeidsplassar, gode opplevelingar og gode levekår.

For å styrka vår posisjon som kraftkommune og industristad, vil me prioritera utvikling av klimavennlege næringer og arbeidsplassar knytt til grøn kraft, grøn teknologi og grøn mobilitet.

Økonomisk handlingsrom skal sikrast gjennom effektiv ressursbruk. Kommunens innbyggjarar skal gis et så godt tenestetilbod som mogleg innanfor dei økonomiske rammane me har. Målsetnadane i planen skal gje grunnlag for å oppretthalda ein berekraftig økonomi som tek omsyn til samfunns-utfordringane våre i dag, og kommunens økonomiske handlingsrom på lang sikt.

Sauda kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar og ein inkluderande organisasjon. Ei viktig utfordring er tilgangen på nok arbeidskraft med rett kompetanse. Kommunen må derfor driva organisasjonsutvikling og utvikla ein strategi for å rekruttera og behalda dyktige arbeidstakrar. På same tid skal me reflektera mangfaldet i befolkninga og vera ein inkluderande arbeidsplass. Alle tilsette har ansvar for å gje innbyggjarane tenester av god kvalitet. Godt leiar-skap og motiverte medarbeidarar er ein føresetnad for å lukkast med dette.

Asbjørn Birkeland

Ordførar i Sauda kommune



Illustrasjon, Børge Lund

2 Forord

4 Visjon og strategiar

5 Grunnlag for ny kommuneplan

8 Temaområder

- Verdiskaping og næring
- Innovasjon, samarbeid og samskaping
- Leva i Sauda
- Tettstadsutvikling
- Energi, klima og miljø

13 Mål og strategiar

20 Overordna arealstrategi

22 Handlingsplan 2020-2023


VISJON

Sydande Sauda – eit kraftsenter

Me skal styrka Sauda som eit kraftsenter der alle er velkomne inn «i varmen».

Sauda skal vera ein attraktiv småby for folk og næringsliv. Eit kraftsenter som gir energi og livsgrunnlag. Våre fortinn skal vera eit tett, attraktivt og levande sentrum. Det skal vera by-messige kvalitetar nært store, tilgjengelege naturressursar og naturkvalitetar. Kommunen skal nyta eigne ressursar og eigenart for å skapa investeringslyst, besøkslyst og trivsel. Slik vil me utvikla eit berekraftig samfunn med interessante arbeidsplassar og gode livsvilkår i Sauda.

Strategiar for å oppnå visjonen



Kraftsenter

Kommunen tar posisjon som eit framtidsretta kraftsenter og prioriterer utvikling av næringer knytt til grøn kraft, grøn teknologi og grøn mobilitet. Marknadsføring, informasjon og formidling skal bidra til å synleggjera Saudas fortinn.

Reiseliv og næringsutvikling

Trivsel skal gje investeringslyst og bulyst, samt stimulera til vekst i næringslivet og nyetableringar. Slik at me kan nå fram i konkurransen om besøkande, innbyggjarar, arbeidskraft og kunnskap.

Attraktiv

Aktiv og berekraftig forvaltning av naturverdiar, bymiljø og kulturarv er viktig for at Sauda skal vera ein levande stad for folk, reiseliv og næringsliv. Me skal legga vekt på å utvikle ny busetnad og ivareta historisk arkitektur på ein slik måte at både kulturmiljø og natur kjem til sin rett.

Framtidsretta

Varierte og interessante møteplassar skal legga til rette for informasjonsdeling, utvikling av nye samarbeid, kunnskapsnettverk og klynger. Dette skal vera samfunnets «Kraftstasjonar», møteplassar som skapar rom for møter både sosialt og profesjonelt.

Triveleg

I sentrum skal me ha småskala handel- og tenesteyting. For å skapa attraktivt miljø og meir liv skal dette koplast til eit mangfold av bustader, rekreasjon, kultur og idrett. Me vil legga til rette for eit breitt tilbod av aktivitetar som både er organisert og er tilgjengeleg for sjølvorganisering. Det skal vera god tilgjengeleghet til naturen.

Vedtatt i kommunestyret 14.03.2018, saksnr. 022/I


Grunnlag og føresetnad

Kommunen er viktig for samfunnsutviklinga, og forventingane til kommunane aukar. Nye oppgåver kjem til, og krav til kunnskap og kompetanse aukar. Dette er likt for små og store kommunar. Samtidig ser me at arbeidsplassar, økonomi, befolkningsutvikling og andre føresetnadar gjer det stadig meir utfordrande å sikra eit godt tilbod. I arbeidet for at samfunnet skal kunne vera vekstkräftig, trygt, og miljø- og klimavennleg, har kommunen ein viktig rolle som utviklingsaktør og planstyremakt. Sauda kommune har fleire utfordringar som er typiske for distriktskommunar. Dei viktigaste er tilgang på arbeidsplassar, fråflytting, ei aldrande befolkning og ein utfordra kommuneøkonomi. Andre ytre tilhøve som økonomisk utvikling, klimaendringar, demografiske endringar, endringar i måten me tenker og handlar på får også konsekvensar for overordna planlegging. Sauda kommunes visjon og overordna mål for framtidig utvikling fortel kva slags utvikling me skal seie ja til, og kva prioriteringar me vil gjera for å få til ei ønska utvikling.


Kan me bli 5000 innbyggjarar i 2030?

Folketalsprognosane for Sauda syner ein forsiktig nedgang i folketal fram mot 2040. Svak vekst og nedgang i folketal kan bli ein av kommunens store utfordringar når det gjeld å oppretthalda ein berekraftig økonomi, tenestetilbod og forvaltning. Færre i yrkesaktiv alder, lågare innvandring, færre fødde og fleire eldre gjer at me må førebu oss på fortsatt nedgang i folketal og lågare behov for nye bustader. Me må ivareta innbyggjarane behov, prioritera vekk noko og samtidig styra mot ei ønska utvikling der kommunen er attraktiv for næringsutvikling, tilflytting og besök.


Framskrivning av folketal 2040



Bustadutvikling



Framskrivning av demografisk utvikling MMMM



«Sterke kommuner er en viktig del av grunn-muren i et godt norsk samfunn. Kommunene er avgjørende for gode velferdstjenester og trygge lokalsamfunn.»


Kommuneproposisjonen 2017

400 nye bustader?

I følgje SSB sine tal er det 2055 hushald og 2482 budde og ubudde bustadar i Sauda (2017). Sauda kommunes tal på bustader er 2220. Dette svarar til eit bustadoverskot på en stad mellom 165 og 427 bustadar. Folketalsframskrivinganealternativ MIMMM tilseier eit behov på ca. 2200 bustader i 2040. Dette kan i teorien dekkast inn av eksisterande bustadmasse. Skulle det derimot eit alternativ om høg vekst slå til, på same tid som talet på personar pr. husstand går ned, så kan det oppstå behov for ca. 211 bustadar fram mot 2040, om ein legg kommunale tal til grunn. Det har i fleire år vært arbeidd med å få nye arbeidsplassar i kommunen. Målsettinga er 5000 innbyggjarar og 2200 arbeidsplasser i Sauda i 2030. Vekst i folketal og arbeidsplasser vil medføra etterspørsel etter bustader.

Korleis skapa liv i eldre bustadområde når trenden er å bygga nytt? I Sauda er det tradisjon for å ha god kapasitet på bustadtomter. Tilgjengelege tomter skal gjera oss attraktive for tilflytting. Dette bidrar samtidig til låg etterspørsel på eksisterande bustadmasse og låge priser på brukta bustad. Ein god del eldre bygningar vert stående tomme. Overskot av bustadar kan skape utfordringar når det gjeld vedlikehald og standard i etablerte bustadområder, og kan bygge ulikskap mellom innbyggjarane på sikt. Bygningar utan folk, og bygningar forfall er ikkje attraktive, men utgjer samtidig eit potensiale for framtidig utvikling. Dette er områder som kan få ny, og større verdi gjennom transformasjon. Anten gjennom sanering, fornying, gjenbruk eller kvalitetsheving.

Hushaldninga 2018




Sauda hadde 2055 hushald ved årsskiftet. 757 av desse var aleinebuarar i 2017. Dette svarar til ca. 40% av hushandane (Kjelde [SSB](#)).

Bærekraftig utvikling handler om å ta vare på behovene til mennesker som lever i dag, uten å ødelegge framtidige generasjoners muligheter til å dekke sine. Bærekraftsmålene reflekterer de tre dimensjonene i bærekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi og sosiale forhold.

FN

Bustadar i Sauda etter byggeår og bruksareal



Det er bustadpotensial i eksisterande byggeområder.

Det er grunn til å anslå at om lag 15-20 % av bustadmassen er mindre attraktive som bustad, anten i standard, lokalisering eller storleik. Ca 30% av bustadane har takst under 750.000,-

Om lag halvparten av bustadane i Sauda er bygd før 1960 og 73% er einebustadar. Ca 20 % av bustadene er tomannsbustader eller rekkehus. Me veit og at nokre bustadar fungerer som fritidsbustad (ikkje medrekna). Me må skapa eit større mangfold bustadtypar, slik at fleire får tilgang til bustad som passar livssituasjonen. Byggjer me fleire leilegheiter vil dette og frigje einebustadar. Kartlegging og evaluering av potensialet bustadområda vil vera eit godt utgangspunkt for å utvikla ein strategi for ny bruk av eksisterande byggeområder. For å unngå overskot på bustader, kan me sei noko om kva slag bustader me skal legga til rette for først, lokalisering og ønska kvalitet i bustadområda.

Sentrum.

Eit levande sentrum med eit variert tilbod av bustader, handel, tenester og kultur er viktig for at Sauda skal vere attraktiv og ha konkurransekraft. Sentrumsområdet har lite liv og aktivitet i dag, og sentrumshandelen tapar marknadsandelar. For å styrka sentrum er det viktig at kommunen har ein aktiv og heilskapleg arealpolitikk, og legg til rette for etablering av bustader, arbeidsplassar, handel og servicefunksjonar i sentrum. Kompakt tettstadsutvikling vil bidra til auka aktivitet i sentrum, samtidig som korte avstandar mellom bustad og daglege gjeremål gjer kvar dagen enklare. Med den demografiske utviklinga me står ovanfor, vil fleire sentrale bustader bidra til at kommunen kan gje rimeligare og meir effektive tenestetilbod. God tilrettelegging for gåande og syklande vil også gi auka aktivitet i sentrum. Kommunen og privat næringsliv oppmodast om å samarbeide om sentrumsutviklinga, både frå regionalt og nasjonalt hald. Nasjonale forventningar legg opp til at kommunane planlegg tettstader med urbane og grøne kvalitetar, attraktive byrom, møteplassar og gode uteareal. Vidare at ein utviklar attraktive tettstadssenter og nyttar god arkitektur, historiske bygningar og bymiljø som ressursar for å gje stadidentitet og positive opplevelingar i sentrum.

Samferdsleutfordringar

Sauda er i ei særstilling og ligg med stor avstand til regionsentre, byar og flyplassar. Sauda ligg der det gjer geografisk. Dette kjem også fram i vedtatt samferdselsstrategi for Rogaland; «På grunn av den store avstanden til de største bo- og arbeidsmarkedsregioner i Rogaland danner Sauda, Suldal og Utsira egne regioner». Me har og utfordringar når det gjeld sikker og open veg; Trafikksikkerhet, Svandalsfoss-problematikk og berre ein veg ut av bygda (vinterstengd veg og islagt fjord). Ei vegutløysing mot E134 aukar den lokale bu- og arbeidsmarknaden, og forbindelse til eit større handelsomland for næringslivet både i Sauda og i Sunnhordland. Ny veg er ikkje ei vegutløysing for å kome raskare til Etne. Vegen er svært viktig som ein langsigktig strategi for å styrke Saudasamfunnet og vil gjera kommunen meir robust for endringar, samt gi mange nye moglegheiter for samarbeid mellom kommunar og regionar.

I eit lengre perspektiv vil ein høgfartsbane med stasjon i Sauda gi moglegheiter for pendling og transport over store deler av Sør-Noreg. Det vil difor vere viktig at kommunen er ei drivkraft i å få prosjektet høgare på politisk dagsorden. Langsigktig mål i perioden er å få prosjektet inn i NTP.

Sauda har svært begrensa kollektivtilbod inn og ut av kommunen. Kollektivtransport på fjorden med hurtigbåt er derfor avgjerande for å kunne ha felles bu- og arbeidsmarknad med deler av Suldal kommune, samt for å komma seg til regionsenteret Stavanger, og er det einaste kollektivtransportmiddelet som kan konkurrera med personbil på reisetid. Hurtigbåt er og svært viktig for den vidaregående skulen i Sauda og på Sand. Styrking av hurtigbåttilbod til Stavanger og busstilbod mot Haugesund vil bidra til å gjera Saudasamfunnet meir attraktivt.



Temaområder

Dette er dei områda som skal ha merksemd og som skal tilførast ressursar i planperioden. Dei har utgangspunkt i vi-sjonen, og Saudas moglegheiter og utfordringar. Korleis planen svarar på behovet for ein kommune som styrar mot vekst i folketal, auka besøk og fleire arbeidsplassar er behandla gjennomgåande i alle planens temaområder. Hovudrepa skal og bidra til å nå målet om berekraftige tenester og forvaltning.

Verdiskaping og næring

Sauda kommune skal vera ein pådrivar for utvikling – **ein næringsvennleg kommune**. Det er i verksemdene at arbeidsplassutviklinga skjer, men kommunen skal vera ein aktiv partner for næringslivet i utviklingsarbeidet.

Strategisk næringsplan gir retning for arbeidet med næringsutvikling i Sauda. Planen er eit resultat av arbeidet til Sauda omstilling, som sidan 2013 har vore kommunens program for å endra måten me driv næringsutvikling på. Utviklinga dei siste tiåra har vist at me er nødt å endra tilnærming. Ansvaret for vidareføring av omstillingsarbeidet vert lagt til det kommunale føretaket For Sauda KF. Kommunen tar ikkje mål av seg til å gjera dette arbeidet åleine, og det blir lagt opp til å vidareutvikla eit godt samarbeid med Sauda Vekst og andre gode partnarar både lokalt og regionalt.

"Formålet med Strategisk næringsplan er å skape bedre resultater for Sauda. En forutsetning for å lykkes er at Sauda kommune fyller rolla tydeligere som samfunns og næringsutviklingsaktør og inngår i flere og sterke lokale og regionale partnerskap med ambisjoner om vekst og utvikling" (Strategisk næringsplan Sauda).

Sauda skapar verdiar. Me har over 100 års tradisjon med vasskraft og prosessindustri. Me eksporterer grøn energi og ferrolegeringar til verdas stålindustri frå verdas reinaste mangansmelteverk. Det er Saudabedrifter som driv eigen teknologi- og produktutvikling og sel til kundar over heile verda. Tilgang på store mengder grøn kraft gjer at kommunen er attraktiv for utvikling av datasentre og andre energiforedlane verksemder, om me kan tilby egnar areal til føremålet.

Me har ei veksande besøksnæring med arkitektur, skisenter og ein særprega kombinasjon av fjord og fjell tett på bysenteret. Hyttebygging er ein konsekvens av satsinga på reiseliv, og er kanskje den næringa som bidrar mest til lokal verdiskaping gjennom heile verdikjeda.

Sauda har også ei sterkt levande primærnæring. Sjølv om talet på gardsbruk har gått ned er det i dag om lag 30 årsverk knytt til landbruk lokalt. Det er fleire gardar der nye generasjonar satsar og investerer, og utviklar gardsdrifta. I

Den største utfordringa for Saudasamfunnet er å snu nedgangen i arbeidsplassar. Det er nesten 300 færre arbeidsplassar i Sauda i 2016 enn i 2010. Attraktive arbeidsplassar er den enkeltfaktoren som mest påverkar om folk vel å bu i Sauda, og påverkar derfor også folketalsutviklinga mest. Sauda kommune ønsker å snu den negative folketalsutviklinga. Hovudstrategien for dette er å legge tilrette for, og utvikla fleire arbeidsplassar.

dette er det også spennande moglegheiter for kombinasjon av landbruk og reiseliv, ikkje minst representert ved utvikling av lokale matprodukt. Både i nye Folkets Hus og Allmannajuvet kan besökande kjøpa lokal mat, og både nye produkt og produsentar har kome til dei siste åra. Det vert også utvikla opplevelgsturisme knytt til lokal identitet, mat, historie, natur og arkitektur. Dette er eit satsingsområde med stort potensial for vekst og verdiskaping.

Kommuneplanen legg også til rette for akvakultur til sjø, for første gong i Sauda. Ny teknologi gjer det mulig å plassera oppdrettsanlegg i Saudafjorden – til tross for restriksjonar som "nasjonal laksefjord" og tidlegare forureining i fjorden. Oppdrett med tette anlegg, og nyskapande handtering av avfall kan gjera dette mogleg. Sauda kan vera ein aktuell lokalitet for neste generasjons havbruksnæring.

Alt dette er døme på næringar med store moglegheiter, men som er heilt avhengige av ein kontinuerleg evne til utvikling. Leiinga ved smelteverket peiker på at kunnskapsutvikling er den viktigaste faktoren for å sikra vidare verksemid i Sauda. Dei er avhengige av dyktige folk med rett kompetanse for å vera konkurransedyktige. Det same gjeld i øvrig næringsliv og i offentleg sektor. Verksemdene er avhengige av god rekruttering, og mulighet til skreddarsydd etter- og vidareutdanning for sine tilsette. Sauda vidaregåande skule har vist ein evne til å utvikla nettopp slike studielibod i samarbeid med høgskule, kommunar og næringssliv i vår region. Sauda kommune skal vera ein aktiv partner i dette arbeidet, både med rekruttering (Adresse Sauda), og skreddarsydde løysingar for kunnskapsutvikling (Utdanning i regionane).

Innovasjon, samarbeid og samskapning

I følgje SSB sine befolkningsframkrivingar skal talet på folk i aldersgruppa 67+ stige med over 20 % fram mot 2030. Samtidig vil andelen av innbyggjarar i arbeidsfør alder synka. Dette betyr at dei kommunale tenestene ikkje kan vera på same nivå, eller på same måte som i dag. Det blir svært viktig å legga til rette for at dei fleste i denne aldersgruppa skal klara seg sjølv så lenge dei kan, og leva gode liv i eigne heimar. Men behovet for omsorgstenester vil auke, og alle som treng det skal få eit godt tilbod. For å klara dette må me lukkas med mellom anna følgande:

- Me må få nok folk med rett kompetanse til å jobba i Sauda
- Me må ta i bruk verktøy som gir auka effektivitet og kvalitet – stikkord her er digitalisering og velferdsteknologi
- Me må skapa arbeidsformer der kommune, næringsliv, lag, foreiningar og enkeltpersonar saman sikrar gode løysingar

Hovudstrategiane for å klare dette dreier seg om innovasjon, samarbeid og samskapning.

Ein slik arbeidsform krev ei heilskapleg tilnærming der kommunen kontinuerleg må utvikla sine roller for å nå måla; både som arbeidsgjevar, tenesteytar, forvaltar og samfunnsutviklar.

Kommunen er største arbeidsgjevar i Sauda, med over 500 tilsette. I rolla som arbeidsgjevar legg ein til rette for at dei tilsette skal vera fagleg kvalifiserte og engasjerte i møtet med brukaren eller innbyggaren.

Auka grad av heiltid og større stillinger er bra for både brukaren, den tilsette, og arbeidsgjevar. Brukaren får ei meir stabil bemanning å forholda seg til - den same sjukepleieren eller læraren som dei har relasjonar til. For den tilsette kan dette bety meir stabil timeplan, færre ekstravakter, og ei stabil inntekt. For arbeidsgjevar vil det bety mindre vikarbruk og sannsynlegvis mindre sjukefråvær.

Helse og omsorg

Tenestene innanfor helse og omsorg rettar seg mot personar i alle aldrar som har pleie- og omsorgsbehov, utviklingshemming eller psykiske plager.

Helse og omsorg skal fremma innbyggjarane si helse og mestringsevne slik at dei kan klara seg sjølv og vera uavhengige av det offentlege hjelpeapparatet lengst mogleg. Samtidig skal ein sikra at dei som har behov for, og rett på tenester, kan få nødvendige hjelp.

Ressursutfordringa.

Med den forventa auka i talet på eldre over 80 år fram mot 2040, vil kommunen sjå aukande behov som vil bli krevjande å dekka på grunn av både manglande menneskelege og økonomiske ressursar. I tillegg vil kommunen gradvis overta ansvar og oppgåver frå spesialisthelseteneste i tråd med intensjonane i Samhandlingsreforma. Det vil gi ytterlegare utfordringar, ikkje minst med langsiktig rekruttering av nok personale med rett kompetanse.

Helseutfordringa.

Helsa i Sauda-befolkinga er stort sett god. Til tross for dette står kommunen overfor ei rekke utfordringar innan helsefeltet. Helsefremming, lågterskeltilbod, førebygging, meisring og tidleg innsats blir viktige tema framover. Kommunen skal medverka til at dei som «fell utanfor» på grunn av manglande meisring, tilhørighet eller materielle/bustadmessige forhold skal ha noko å leva av, leva i og leva for.

Reell innbyggar- og brukarmedverknad.

Det er enno slik at politikarar og fagfolk dimensjonerer og formar tenestene på bakgrunn av kva dei meiner er best for brukarane. Brukarane blir i for litra grad tatt med når tilbod skal utformast og tenester ytast. Dette kan bidra til at brukarane blir påført ein passiv rolle som bidrar til å oppretthalda behovet for kommunal hjelp. Auka medverknad bidrar til meisring, motivasjon og verdigheit. Reell innbyggar- og brukarmedverknad er avgjerande for å utvikla berekraftige løysningar.

Samarbeid.

Både i kommunen, spesialisthelsetenesta og i andre organisasjonar viser det seg at enkelte tilbod er overlappande. Betre samarbeid, klare ansvarsforhold og koordinering gir meir treffsikkert og heilskapleg tilbod til innbyggjarane.

Leva i Sauda

Barn og unge. Den viktigaste ressursen for framtida er våre barn og unge. Vi må ha barnehagar som fremmar språkleg utvikling, læring og gir brei sosial erfaring. Skulane våre skal gi utdanning og kompetanse, samt vera eit godt utgangspunkt for livslang læring, samfunnsseltaking og arbeid. Gjennom opplæring i heimen, nærmiljøet, barnehagen og skulen, skal barn og unge utvikle seg til trygge og samarbeidande menneske. I vaksen alder vil dei kjenna medansvar for fellesskapet.

Barnehage og skule skal førebu barna og elevane på å delta i demokratiske avgjerdssprosessar og stimulera til samfunnsgengjement både nasjonalt og internasjonalt. I opplæringa skal elevane utvikle kunnskap om demokratiske prinsipp og institusjonar. Medverknad inneber deltaking i avgjerder som gjeld val av aktivitetar og læring, både for kvar einskild og for heile grupper. I eit inkluderande læringsmiljø er elevmedverknad positivt for utviklinga av sosiale relasjonar og motivasjon for læring på alle trinn i opplæringa. I arbeidet med fag er elevmedverknad med på å gjere elevane meir medvitne om eigne læringsprosessar, og det gir større innverknad på eiga læring.

Tidleg innsats handlar om å gje alle barn og unge hjelp når behovet oppstår, at hjelpa er den rette og at ho vert opplevd heilsakleg når fleire hjelpeinstansar er nødvendige. Forsking støttar opp om betydinga av tidleg hjelp for å førebyggja helse- og sosiale vanskar. Jo tidlegare hjelp og støtte kjem inn når problem oppstår, jo betre er føresetnadene til å hindre at vanskane får utvikle seg. Forsking visar også at barnehagar av god kvalitet reduserer forskjellane i skuleprestasjonar mellom barn frå ressursfattige og ressursrike miljø.

Folkehelse og levekår. Helse kan definerast som «overskot til å meistra kvardagens krav». Sjølv om folkehelsa i Sauda er god, er det også her relativt hyppig førekomst av typiske livsstilssjukdommar. Fleire av desse sjukdommane heng i stor grad saman med helseåtfurd. Dette er folkehelsesjukdommar som hjarte/karligingar, kreft, kroniske lungesjukdommar, diabetes, lettare psykiske lidningar og aldersdemens. Folkehelseprofilen for Sauda viser at kommunens innbyggjarar har høgare dødelegheit for fleire av disse folkehelsesjukdommane enn landet elles.

Sauda har merkbare utfordringar innan psykisk helse og rus. Enten me ser på tal for omsetning av alkohol, eller vurderingar frå kommunale tenester og politiet. Ungdata

(2016) visar utfordringar med alkoholbruk og ein tidlig debut. Det er og fleire fysisk inaktive ungdoms-skuleelevar i Sauda enn i regionen.

Høgare fysisk aktivitetsnivå kan bidra til å førebygga somatiske og psykiske plager og sjukdommar. Sauda hadde 5,5% lågare andel fysisk aktive enn fylket i 2016. Fysisk aktivitet er viktig for normal vekst og utvikling. Det verkar og positivt på psykisk helse, konsentrasjon og læring. I ungdatalundersøkinga i 2016 vart det registrert 20,1 % fysisk inaktive ungdomsskule-elevar, dette er 6,7% høgare enn snittet for Rogaland.

Det er dokumenterte levekårs-forskjellar i Sauda. Helsebelastninga er størst for dei som har dei dårligaste levekåra. Dette påverkast av bakanforliggjande faktorar som den enkelte ikkje har valt sjølv. Desse gruppene kan vere vanskeleg å nå med helsefremmande og førebyggande tiltak. I folkehelselova heiter det likevel at kommunane skal «fremme befolkningas helse, trivsel, sosiale og miljømessige forhold». For å få til det må kommunen vera god på helsefremming, førebygging og tidleg innsats. Det må leggjast meir til rette for at den enkelte kan ta ansvar for eige liv. Åleinebuande kan og vera ei meir utsatt gruppe, økonomisk, helsemessig og sosialt. Bland åleinebuarar i alle aldersgrupper er det fleire som slit med psykiske plager samanlikna med dei som ikkje bur aleine. Det er og høgare grad av helseproblem bland kvinner og personar midtveis i livet som bor åleine.

Kultur gjer noko med oss. Kulturfeltet famnar m.a. rekreasjon, idrett, kunst, bibliotek, musikk, opplevelingar, formidling, mat, utfoldelse, leik og læring. Kulturarenaer er stader for tilhørersle, samspel, sosialt fellesskap og inkludering. Kultur er folkehelse og nødvendige impulsar i eit godt liv. Kultur er også viktig i eit vidare perspektiv. I Regional kulturplan for Rogaland 2015-2025 kan me m.a. lesa: "Kulturen har en grunnleggande samfunnsrolle i det å utfordre og sette vante tenkjemåtar i perspektiv og stimulere til kreativitet innan alle samfunnsområder". I Kulturutreiinga 2014 står det at «et rikt og variert kulturliv er garantist for et levende demokrati og for ivaretaking av ytringsfridomen».

Eit rikt kulturliv er avgjande for å skapa mangfold i samfunnet. I neste omgang er mangfaldet vesentleg for å skapa attraktivitet og utvikling. Fokus i omstellingsarbeidet i Sauda er arbeidsplassar og folketal. Me har behov for fleire arbeidsplassar, halda på dei som bur her og tiltrekka oss nye. For å lykkast med dette er det viktig å dyrka eit mangfoldig kulturtilbod, og ivareta behovet for høg livskvalitet. Folk har ulike interesser, og me treng forskjellige folk for å fremja nyskaping og kreativitet.

Kulturopplevingar gir og grunnlag for reiseliv, næringsutvikling og vekst. Kulturopplevingar er vesentlige for stadenes identitet og attraktivitet, og eit viktig bidrag til rekрутtering til næringslivet, gjennom at staden kan opplevast som interessant og mangfaldig.

For å skapa utvikling i kultur- og opplevingsnæringane vil nettverksbygging mellom kulturaktørar, lokalt næringsliv, etatar og kommunen vera viktig.

Tettstadutvikling

Sauda kommune ønskjer å vera ein attraktiv kommune for folk og næringsliv. Attraktivitet har betydning for at folk vil驱ra næring her, det er viktig for livskvaliteten og at folk vil komma hit, brukta tid og bu her.

Dette handlar om heilskapleg forvaltning og utvikling av eit mangfald kvalitetar og funksjonar som verkar saman som brikker i eit puslespel. Identitet og kultur er viktige faktorar når det gjeld attraktivitet både for bedrifter, besøkande og dei som bur her. Kultur har ein anerkjent eigenverd, men kultur og kreative sektorar er også viktige drivrarar for økonomisk vekst, arbeidsplassutvikling og sosial inkludering. Dette handlar om å legga til rette for utvikling innanfor nokre prioriterte område. Om å styra lokalisering av verksemder, funksjonar og bustadar. Om korleis me skal bruka, og kva slags kvalitet me skal ha i offentleg rom. Om tilgjengeleghet, om prioritering av brukargrupper, om kultur og om kulturarv.

Gode kvalitetar og møteplassar

Kvalitet i byggeskikk og fysiske omgjevnadar bidrar til positive opplevingar for syklande og gåande. Ei gjennomtenkt tilnærming til arkitektur og stadutvikling kan bidra til at fleire går. Fleire gåande vil igjen bidra til ein meir levande og hyggeleg stad. Dette er menneskevennlige mekanismar som skapar livskraft, rom for møter og samhandling mellom folk. Deling av funksjonar knytt til bustaden har også eit viktig sosialt potensiale. Deling kan bidra til å ivareta behov for tryggleik, livskvalitet og gje meiningsfulle liv.

Kulturminne, identitet og særpreg

Kulturminne og kulturmiljø er viktig for identitet og tilknyting. Ei av dei store utfordringane i vår tid er tap av identitet og særpreg, for korleis vil det vere om Sauda skulle likna alle andre stader? Det er verdifullt å kjenna at ein høyrer heime ein stad, og at den staden ikkje er kor som helst, men at staden har røter i landskapet, historia, folka og kulturen.

Kulturarven vår er ein viktig ressurs for verdiskaping, reiseliv og anna økonomisk utvikling. Det er fullt mogleg å

foreina vern og bruk. Strategisk forvaltning av kulturminner er eit godt verkemiddel for å utvikla ein interessant kommune med eit attraktivt sentrum. Tydeleg og løysingsorientert kulturminneforvalting er ein viktig føresetnad for å lykkast med dette. I praksis tyder dette at ein tidleg avklarar verneverdiane og dei avgrensingane og mogleghetene som finst, og at ein kommuniserer dette tydeleg. Samtidig er det viktig å vera fleksibel og løysingsorientert. Riksantikvaren understrekar i sin bystrategi, at gode løysingar som forvaltninga og huseigar har blitt einige om er viktig for å lykkast med bevaring på lang sikt. Slik vil ein sikra at historiske bygningar blir brukt og bidrar positivt i samfunnsutviklinga.

Sauda, som andre stader, kjenner på utfordringa frå nett-handel. Erfaringar frå andre stader viser at kjøpesenter er meir skadelidande i denne utviklinga enn frittståande sentrumsbutikkar. Stader som bevisst har satsa på utvikling av sentrumshandel har opplevd auka handel. Butikkar som held til trivelege lokalar i godt ivaretakne historiske bygg har eit fortinn. I sentrum av Sauda har me butikkverksemder i eigenarta gamle bygg, med fleire eksempel på butikkar som grunna si plassering, er langt meir sjærmerande enn tilsvarande butikkar i preglause kjøpesenter.

Kulturminnevern løner seg og i kroner og øre. Riksantikvaren har nyleg publisert undersøkinga "Verdien av kulturarv". Her har ein m.a. undersøkt den økonomiske verdien av verneverdige bygg og bustadmiljø. Det viser seg at kjøparar er villige til å betala monaleg meir for bustader i historiske miljø, for eksempel i gamlebyen i Fredrikstad. Dette synet at mange synest det er attraktivt å bu i slike område.

Sauda har eit uttalt mål om å satsa på reiseliv. Kulturminne er også viktige attraksjonar for reiselivet. Brukarunder-søkingar frå Innovasjon Norge fortel oss at 70 prosent av utanlandske turistar planlegg å besøka historiske bygningar. Kulturturisten er vidare den som gjennomsnittleg legg att mest pengar. Ein viktig konsekvens av Sauda si satting på turisme må derfor vera ei god forvaltning av kulturarven.

Energi, klima og miljø

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging legg føringar for korleis me skal førebu oss for å hindra alvorlege klimaendringar. Me må tilpasse oss dei klimaendringane som skjer, og samtidig omstilla oss til eit lågutsleppssamfunn på lang sikt. For å sikra effektiv ressursutnytting i areal- og samfunnsutviklinga krev at me tek i bruk sterkare verkemiddel. På same tid må me leggje til rette for auka verdiskaping og næringsutvikling, og innovasjon og vekst i nye og grøne næringar.

Grøn mobilitet og arealbruk

Korleis skal Sauda handtera omstillinga til låg-utslepps-samfunnet? Sauda har eit forholdsvis tett sentrum, og dei fleste reisene i kommunen er korte. Likevel er bilkulturen i Sauda dominerande med ein bilandel på 76 %. Kommunen er prega av bilavhengighet og utviklinga er tilpassa bil som framkomstmiddel. 2/3 av reisene er på under 3 km, noko som gir moglegheit for auka bruk av gange og sykkel. Parallelt med dette, vil ei kompakt utvikling og styrking av opplevingskvalitetane for gåande og syklande bidra til at kommunen vil ligga i førarsetet når det gjeld grøn mobilitet i distrikta (sjå tettstadutvikling).

Rogaland er allereie leiande i Noreg på utvikling av ny teknologi knytt til transport og kollektivsatsing. Ved å posisjonera Sauda som eit framtidsretta kraftsenter, kan dette gje moglegheit for å få til ei satsing knytt til framtidas transportløysingar i Sauda, både på fjorden og på land.

Kortare veg til E134 gir kortare avstandar og mindre drivstoffutslepp både aust, nord og vestover. Høgfartsbane vil gje betydeleg miljøvinst innan person- og godstransport og ny teknologi på hurtigbåtar vil gi store miljøeffektar.

Ein av dei faktorane som verdsjettast høgt i Sauda er kvardagsliv med korte avstandar til alt. Dette fekk me mange tilbakemeldingar på i innspela til kommuneplan. Slike haldninga samsvarar med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. For å byggja korte avstandar, må me bygga kommunen innanfrå og ut, og legga til rette for fleire bustadar i og nært sentrum. Ei slik utvikling vil redusera transportbehovet og skapa meir liv i sentrum av kommunen vår, noko som er positivt for Sauda som ein attraktiv stad.

Sauda har og ein historisk kultur for sykling der arbeidsplassane var tilrettelagt for sykling. Me har og ein sterkt

sportskultur, noko som kan bidra til å endra det lokale transportarbeidet. Folk som går og syklar skapar folkeliv og genererer mange sosiale møteplassar. Attraktive omgjevnadar som dimensjonerast etter måten me beveger oss på, gjer gevinst på fleire nivå. Gange og sykkel er klimavennlig, bra for folkehelsa, skapar liv og er samtidig attraktivt for besökande og næringsliv. Lokalisering av funksjonar, bustadar, gang- og sykkelforbindelsar og anna arealbruk er viktig for å få dette til.

Deling og ressurssparing

Omlegging til ein grønare livsstil gjer at det og er interessant å utforska nye bu-løysingar og funksjonsdeling i nye bustadprosjekt. Me kan arbeide for grøne produktval og ressurssparing internt i kommunen og blant innbyggjarane. Kommunen kan td. gå føre og leiga ut tenestebilar i periodar der dei ikkje brukast av tilsette (kveld/helg). Me kan samarbeida med andre om transport, og me kan skapa fleire synergiar og vinn-vinn-situasjonar. Spillenergi frå Era-met brukast til oppvarming av stadion og gater, Folkets hus, skular og bustadområder. Sauda fjernvarme jobbar med å produsera infrastruktur for fordeling av varme. Dette utgjer eit potensiale for Åbøyen og for utvikling av næringar som brukar varme i produksjonen.

Mål og strategiar

Planens temaområder inneholder langsiktige mål «Dette vil me» med fleire strategiar «Me skal». Dette følgast opp i kommunens handlingsprogram som rullerast årleg. Handlingsprogrammet visar prioriteringane me tek for å nå dei langsiktige måla. Dette blir uttrykt gjennom konkrete mål for dei ulike fagområde som koplast til dei langsiktige måla og strategiane i kommuneplanen.

Verdiskaping og næringsutvikling

Dette vil me	Me skal
Legga til rette for utvikling av fleire arbeidsplassar og bedrifter i Sauda.	<p>Sauda kommune skal ha ein tydeleg rolle som samfunns- og næringsutviklingsaktør. Strategisk næringsplan skal legga fôringar, strategiar og mål for næringsutvikling i Sauda.</p> <p>Sauda kommune skal vera ein næringsvennleg kommune og ein aktiv partner for næringslivet. For Sauda KF etablerast som eit verktøy og bindeledd mellom kommunen og næringslivet.</p> <p>Arbeida for vegutløsing mot E134 som aukar radiusen for lokal bu- og arbeidsmarked, og forbindelse til eit større handelsomland for næringslivet både i Sauda og i Sunnhordland.</p> <p>Me skal gripa moglegheiter som byr seg, vera omstillingdyktige og proaktive. Kommunen skal vera ein partner i offentleg/private/ideelle samarbeid for å realisera utviklingsprosjekt.</p> <p>Me skal utvikla sentrum til eit attraktivt, levande og identitetsberande senter i Ryfylke. Me vil skapa investeringslyst gjennom å styrka sentrum som stad for handel, næringsliv, kulturliv, opplevelingar og stad å bu.</p> <p>Me skal legge særskilt til rette for næringar som reiseliv, fritidsbustader/hytter, kraftforende industri som datasenter og prosessindustri, maritim industri og industri basert på fjernvarme.</p> <p>Me skal arbeida for at Sauda blir ein attraktiv plass å bu for å skapa rekruttering til eksisterande og nytt næringsliv. Utføre tiltak som skapar attraktivitet og bulyst.</p> <p>Me skal styrka Saudas attraktivitet som reisemål og besøksstad. Me vil forvalta og fremje Saudas naturverdiar, historiske og kulturelle identitet.</p> <p>Me skal ha eit breitt næringsgrunnlag, bygd på tradisjonar, lokale føresetnader og kompetanse. Det skal leggas til rette for nye samarbeid, m.a. mellom landbruk/matproduksjon og reiseliv.</p> <p>Me skal legga til rette for ulike typar næringsareal, og profilera desse.</p>

Dette vil me	Me skal
Styrka Sauda som kunnskaps- og kompetansemiljø?	<p>Prioritera utvikling av næringar knytt til grøn kraft, grøn teknologi og grøn mobilitet.</p> <p>Legga til rette for nyskaping og innovasjon i næringslivet gjennom å etablere møteplassar som koplar aktivitetar og fag.</p> <p>Legga til rette for at Sauda vidaregåande skule gir opplæring av høg kvalitet som er tilpassa behova i lokalsamfunnet.</p> <p>Vera ein attraktiv kommune for innbyggjarar med kompetanse og aktivt arbeida med rekruttering og tilbakeflytting etter utdanning.</p> <p>Tilby vidare- og etterutdanning i samarbeid med Sauda Vidaregåande skule og næringslivet.</p> <p>Leggja til rette for eit inkluderande arbeidsliv, der fleire unge får delta.</p> <p>Fortsetja satsinga på entreprenørskap i skulen.</p> <p>Utvikla kompetanse for kulturminnevern og byggeskikk i samarbeid med fagmiljø og næringsliv.</p>

Innovasjon, samarbeid og samskaping

Dette vil me	Me skal
Sauda kommune skal vera kjent som ein utviklingsorientert kommune.	<p>Legga til rette for auka verdiskaping, høgare sysselsetting og fleire busette i Sauda.</p> <p>Me skal ligga i forkant av utviklinga, og aktivt søka etter nye løysingar på samfunnsutfordringar.</p> <p>Delta i samarbeid for å bygga kompetanse og søka tilgang til utviklingsressursar.</p> <p>Driva organisasjonsutvikling og utvikla ein strategi for å rekruttera og behalda dyktige arbeidstakarar, og etablere ein arena for organisasjonsutvikling og kompetanseheving.</p> <p>Skapa kultur for omstilling og endringsvilje i kommunens organisasjon, gjennom kontinuerleg utvikling av kommunens roller. Både som arbeidsgjevar, tenesteytar, forvaltar og samfunnsutviklar.</p> <p>Legga til rette for utvikling av digital infrastruktur i heile kommunen.</p> <p>Utvikla og tilgiengeleggjera løysingar som påverkar folk til å gjera smarte og miljøvennlege val i kvardagen.</p>

Dette vil me	Me skal
Løysingar skal skapast saman med andre.	<p>Utvikla tenester som bygger på reelle behov, er tilpassa samfunnsendringane og tilgiengelege ressursar.</p> <p>Utvikla nye løysingar saman med andre, og etablera arbeidsformer der kommunen, offentleg sektor, næringsliv, lag, foreiningar og enkeltpersonar skapar gode løysingar i fellesskap. Me vil legga til rette for auka demokratisk deltaking og brei innbyggjar-medverknad, slik at alle kan delta aktivt og likeverdig i utvikling av lokalsamfunnet.</p> <p>Kommunen skal aktivt søka etter ideelle samarbeid og partnarskap. Me skal ønska nye initiativ velkommen, koordinera og invitera til samarbeid.</p> <p>Legga til rette for ei berekraftig arbeidsdeling mellom offentlege tenester og samfunnet. Me vil avklara forventningane mellom tenesteområda og innbyggjarane og synleggjere oppgåver der bistand frå nærmiljø og frivillige organisasjonar kan vera viktige bidrag.</p> <p>Vera ein inkluderande arbeidsplass og reflektera mangfaldet i befolkninga.</p> <p>Samarbeida med frivillig sektor og bidra til at fleire deltar i frivillig arbeid.</p>

Dette vil me	Me skal
Sauda kommune skal kontinuerleg utvikla effektive og brukarvennlege tenester	<p>Gje alle tilgang på offentleg informasjon. Gjera tilgiengeleg og formidla informasjon om kommunale tenestetilbod, kvalitet og omfang.</p> <p>Utvikla og ta i bruk verktøy som gir auka effektivitet og kvalitet for kommunalt tilsette og innbyggjarar. Me vil legga til rette for digitaliserte administrative prosessar og auka bruk av velferdsteknologi.</p> <p>Gje innbyggjarane tenester av god kvalitet og koordinera kommunale tenester, også på tvers av fagområde.</p> <p>Utvikla ein heiltidskultur med minst 50 % heiltids - tilsette innan 2025, og 60 % i 2030</p> <p>Me skal ha fagleg kvalifiserte tilsette, som er engasjerte i møtet med innbyggjarar, næringsliv, offentleg og frivillig sektor.</p>

Leva i Sauda

Dette vil me	Me skal
Alle barn og unge skal leve under tilhøve som fremmer tilhørsle, læring, livsmestring og deltaking i fellesskapet.	<p>Stimulera til samfunnsengasjement både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Me vil førebu barn og unge på deltaking i demokratiske avgjerdss prosessar og utvikle kunnskap om demokratiske prinsipp og institusjonar i opplæringa.</p> <p>Arbeida for at Ungdomsrådet er aktivt og har reell innverknad i samfunnsutviklinga.</p> <p>Leggja til rette for at barn og unge skal utvikla seg til trygge og samarbeidande menneske, som vil kjenna medansvar for fellesskapet i vaksen alder.</p> <p>Fremje språkleg utvikling, læring og brei sosial erfaring i barnehagane. Me byggjer sosial kompetanse i samarbeid med føresette og andre i barna sitt nærmiljø.</p> <p>Grunnskuleopplæring av høg kvalitet som motiverer alle elevar til innsats for læring. Elevane er medvitne om eigne læringsprosessar gjennom elevmedverknad.</p> <p>Sikra trygge og lærefremjande miljø som er motiverande og inkluderande.</p> <p>Barnehage og grunnskule skal bidra til å utgjevne sosiale forskjellar</p> <p>Nytte prøvar og testar aktivt får å betre pedagogisk praksis</p> <p>Vidareutvikle MOT i heile kommunen</p>

Dette vil me	Me skal
Fremme mestring, helse og livskvalitet hos alle innbyggjarane	<p>Sauda kommune skal ha fokus på folkehelse og kunnskap om korleis ulike sektorar påverkar folkehelsa.</p> <p>Sauda kommune skal fremje sunne levevanar, og legga til rette for at innbyggjarane tek ansvar for eiga helse, tek sunne val og meistrar eige liv.</p> <p>Legga til rette for helsefremjande miljø slik at fleire er fysisk og sosialt aktive i kvarden.</p> <p>Prioritera innsats som reduserer sosiale forskjellar og sørga for at innsatsen når dei med høgast risiko for redusert samfunnsdeltaking og funksjonsevne.</p> <p>Ta i bruk innbyggjarane sine evner og kunnskapar. Alle skal få delta i meiningsfulle aktivitetar og nytta og utvikla eigne ressursar, uansett bakgrunn.</p> <p>Legga til rette for at innbyggjarar i alle aldrar og samfunnslag kan vera aktive deltagarar i kultur- og fritidstilbod. Legga til rette for trygge og likeverdige tilhøve for deltaking i informasjonssamfunnet.</p> <p>Ha ein trygg og verdig eldreomsorg.</p>

Dette vil me

Me skal

Innbyggjarane har mogleheit til å ivareta eiga helse, trivsel og livskvalitet.

Førebygga og redusera utvikling av helseplager og sosiale vanskar. Me skal driva målretta helsefremjande og førebyggande arbeid, på grunnlag av kunnskap om tilstand, årssaker og dokumenterte effektar av tiltak.

Dreia ressursane mot utsette grupper som står i fare for å utvikla langvarige og alvorlege helseplager, setja inn tiltak så tidleg som mogleg og minska konsekvensane av helseplager.

Utvikla og driva førebyggjande helsetenester gjennom eit attraktivt frisklivstilbod, helhestasjon og skulehelseteneste.

Prioritera tidleg innsats retta mot barn og unge.

Styrka familieomsorga, og legga til rette for auka kompetanse og redusert belastning når oppgåvene vert utfordrande.

Bidra til at flest mogleg innbyggjarar skal kunne bu i eigen heim, lengst mogleg.

Gje omsorg og behandling ved sjukdom og kriser.



Illustrasjon, Børge Lund

Tettstadutvikling med kvalitet

Dette vil me	Me skal
Sauda er ein attraktiv tettstad med gode kvalitetar og interessante møteplassar i sentrum	<p>Tettstadutvikling skal vera drivkraft for næringsutvikling, besøk og busetting. Me fortset arbeidet med tettstadsutvikling. Sauda sitt kjenneteikn skal vera berekraftig forvaltning og arkitektur av høg kvalitet, både i og mellom bygningar.</p> <p>Ha ei gjennomtenkt tilnærming til arkitektur og tettstadsutvikling. Bygningar og fysiske omgjevnadar av god kvalitet gjev positive opplevingar for mennesker, stimulerar til meir aktivitet og gjer Sauda til ein levande og triveleg stad.</p> <p>Legga vekt på å utvikle ny busetnad og ivareta historiske kulturmiljø på ein slik måte at Saudas kulturarv og naturkvalitetar styrkast og kjem til sin rett.</p> <p>Sikra og skapa trygge tilhøve for ungar og mjuke trafikantar. Me vil legga til rette for samanhengande gang- og sykkelforbindelsar til og gjennom sentrum, samt mellom viktige målpunkt. Me vil sikra at barn og unge i størst mogleg grad kan gå eller sykla til skulen gjennom utbygging av trygge skulevegar. Barriereeffekten av Brugata skal minimerast.</p> <p>Opne sentrum mot fjorden og elva.</p>
	<p>Me skal utvikla eit livskraftig og menneskevennlig sentrum, og etablera gode sosiale møteplassar tilrettelagt for folk saman med folk. Leik og opphold for ungar og ungdommar skal prioriterast.</p> <p>Behalda og utvikla arbeidsplassar og offentlege institusjonar i sentrum. Framtidige offentlege funksjonar lokaliserast i sentrum. Me skal styrka sentrumsgatene som handlegater.</p> <p>Sauda kommune skal utarbeida ein byggeskikksrettleiar og ein plan for offentleg rom.</p>
	<p>Testa ut midlertidige tiltak før varige løysningar blir tatt i bruk.</p>

Dette vil me	Me skal
I Sauda skal me ha mangfoldige bustader og gode, levande nærmiljø	<p>Driva ein aktiv bustadpolitikk og legga til rette for varierte bustadformar og bustadtypar.</p> <p>Legga opp til vekst, i hovudsak med fortetting i og rundt sentrum og Saudasjøen, og ha mangfoldige og attraktive bustadar i heile kommunen.</p> <p>Kommunen vil sikra og utvikla allment tilgjengelege friområde og ein samanhengande blågrøn struktur i strandsona langs elva og fjorden.</p> <p>Sjå til at grøne lunger og samanhengande blå-grøne strukturar gjev god tilgang til friluftsområda i sentrum, og frå sentrum til større naturområde.</p> <p>Legga til rette for høgare utnytting i allereie utbygde områder. Dette gjer me gjennom kartlegging av status i byggjeområda, med tanke på verdi, kvalitetar og standard.</p>

Dette vil me	Me skal
<p>Kulturminne og kulturmiljø er viktig for identitet, tilknyting og næringssutvikling i Sauda.</p>	<p>Ta vare på Saudas eigenart og syta for god forvaltning av kulturarven.</p> <p>Kulturminneplan for Sauda skal vera styringsdokument for arbeid med forvaltning av kulturarven. Det skal utarbeidast ein handlingsplan som rullerast kvart 4 år, fyste gong samtidig med kommunal planstrategi. Handlingsplanen skal innehalda kommunens prioriterte arbeidsområde på feltet.</p> <p>Registrera og dokumentera kulturminne i kommunen og syta for oppdatert informasjon om kulturarven.</p> <p>Styrka kulturminnekompasen i kommunens administrasjon, særskild på plan- og byggesak.</p> <p>Bu og arbeide i våre kulturmiljø, og sikra at historiske bygningar blir brukt og utgjer eit positivt bidrag i samfunnsutviklinga. Kommunen og tiltakshavarar samarbeider om å skapa gode løysingar.</p> <p>Samarbeide med fagmiljø og frivillige når det gjeld forvalting og formidling. Sauda kommune utarbeidar rutinar og planar for forvaltning av kulturminne på eigen grunn.</p> <p>Utvikla ein digital informasjonsteneste for formidling av kulturminneverdiar i Sauda, og syta for at våre verdiar vert godt kjent i og utafor kommunen.</p> <p>Auka fokus på byggekikk og kulturminnevern gjennom etablering av ein byggeskikkpris for Sauda.</p>

Energi, klima og miljø

Dette vil me	Me skal
Utvikla Sauda som ein kompakt småby med eit tydeleg fokus på grøn kraft og grøn mobilitet.	<p>Styrkast som ein klimavenleg og attraktiv kommune for folk og næringsliv. Kommunen skal gå føre i si rolle som myndighet, forvaltar og tilretteleggar.</p> <p>Revidere Sauda kommunes klima- og energiplan.</p> <p>Aktivt söka etter å prøva ut av nye klimavenlege løysingar og delta i pilotprosjekt knytt til sjø- og landtransport.</p> <p>Vera ein pådrivar for grøne verksemder, og prioritera verksemder og løysingar som nyttar kortreist grøn energi. Me vil legga til rette for industriell bruk av overskotsenergi og spillvarme.</p> <p>Bidra til å utvikla infrastruktur for spillenergi i nye byggeprosjekt og bustadområder dette er mogleg,</p> <p>Legga til rette for etablering av landstraum for skip og elektrifisere hamna. Sauda skal tilby landstrøm til alle skip innan 2021.</p>

Dette vil me	Me skal
Tilpassa oss forventa klimaendringar og leggja om til ein grønare livsstil	<p>Kommunen har eit særskilt ansvar for å bidra til at den offentlege bygningsmassen er mest mogeleg miljøvennleg. Me fasar ut energikrevjande løysingar og satsar på fornybar energi i ombyggingar og nybygg.</p> <p>Planlegga og utvikla attraktive og samanhengande nettverk for gange og sykkel.</p> <p>Legga til rette for utvikling av Sauda som «sykkelby». Gjennomgående gang- og sykkelvegar til og i sentrum skal prioriterast.</p> <p>Planlegga og legga til rette for berekraftige løysningar knytt til arealbruk. Legga til rette for fortetting og gjenbruk av utbygde areal.</p> <p>Skapa vinn-vinn-situasjonar gjennom funksjonsdeling og på den måten spara miljø og ressursar.</p> <p>Legga til rette for at kommunale eininger og bedrifter blir Miljøfyrtaarn.</p> <p>Ta i bruk ny teknologi for eit lågutsleppsamfunn. Me skal legga til rette for grøne produktval og ressurssparing internt i kommunen og sjå innbyggjarane.</p> <p>Fremja gode eksempel og gje innbyggjarar og private tiltakshavarar informasjon om miljø- og klimavennde val.</p>

Dette vil me	Me skal
Tilpassa oss forventa klimaendringar og ha god beredskap	<p>Ha oppdatert oversikt over områder som er utsett for hendingar grunna klimaendringar.</p> <p>Ha god beredskap og ta omsyn til forventa klima-utvikling i kommunale plan- og utbyggingssaker.</p> <p>Me skal ivareta innbyggjaranes liv, helse og trygghet og førebygge skade.</p>

Ein livskraftig og naturnær småby

– overordna arealstrategi

Utviklingsretning og forholdet til arealbruk.

Satsingsområda i kommuneplanens samfunnsdel gir føringar som skal følgast opp i arealplanlegginga. Arealstrategien gir overordna føringar for kommunens fysiske utvikling i eit langsigkt perspektiv. Arealstrategien er grunnlaget for revisjon av kommuneplanens arealdel og gir føringar for plan- og byggesaksbehandlinga.

Dette vil me	Me skal
Sauda er ein attraktiv og tilgjengeleg kommune for folk og næringsliv.	<p>Forvalta våre areal etter berekraftige prinsipp, der krav til lokalisering, kvalitet og funksjon skal styrka og styra veksten i byggeområda.</p> <p>Utvika lokalt næringsliv på ein måte som bidrar til å styrka lokal økonomi, og skapar ei sunn økonomisk utvikling på lang sikt.</p> <p>Aktivt legga til rette for utvikling av ny infrastruktur, internt i kommunen og regionalt. Det prioriterte prosjektet er ny veg mot E 134 i Etne. Me skal arbeida for å sikra ressursar til finansiering av ny infrastruktur, bygga alliansar regionalt og nasjonalt, og driva samordna påverknad av beslutningstakarar.</p> <p>Styrka og utvikla Sauda til ein meir kompakt småby med eit attraktivt og levande sentrum, der fleire brukar, lever og jobbar i sentrum.</p> <p>Sikra og utvikla gode areal til offentleg tenesteyting i sentrum og sentrumsnære områder. Me skal styra mot ei ønska arealutvikling der kommunen kan påverka og samtidig legga til rette for samarbeid mellom offentlege og private.</p> <p>Gode vegar til dalføra, kapasitet på parkering sommar og vinter nær utfartsområda, og fokus på brøyting og vedlikehald vil auka bruken av sentrum.</p> <p>Arbeida for å styrka kollektivtilbodet inn og ut av kommunen. Hurtigbåttilbodet mot Stavanger og buss mot Haugesund er dei einaste kollektivvegane inn og ut av kommunen. Me skal arbeida i lag med Rogaland Fylkeskommune og Kolumbus for å styrka desse.</p>

Dette vil me	Me skal
Sauda er ein mangfaldig og interessant stad for innbyggjarar, besökande og næringsliv	<p>Me skal styrka dei gode kvalitetane me har, med korte avstandar, nærliek til fjorden og fjellet og nærliek til viktige målpunkt i kvardagen.</p> <p>Miljøkvalitet skal vera eit av våre fortrinn og eit viktig satsingsområde. Me vil skapa eit levande sentrum gjennom å utvikla byrom som betrar tilhøva for barn og unge og skapar tydelegare kopling mellom sentrum, fjorden og elva.</p> <p>Det skal vera lett og trygt å gå og sykle. Me skal prioritera tilrettelegging for fotgjengarar og sykkel.</p> <p>Legga til rette for varierte sentrumsnære bustadar. Me skal driva ein heilskapleg bustadpolitikk med tilstrekkeleg og variert bustadbygging som tåler befolkningsendringar i heile kommunen.</p> <p>Kartlegga bustadpotensialet i eksisterande byggeområder. Prinsippa for lokalisering av arbeidsplassar og bustader skal leggast til grunn.</p> <p>Legga til rette for et mangfaldig samfunn og sikra god alderssamsetjing i bustadsområda.</p> <p>Vidareutvikla Nasjonal Turistveg som reiselivsprodukt og brukar denne som samarbeidsplattform i reiselivsutvikling.</p>

Dette vil me	Me skal
Vidareutvikla Sauda som bustads- og reisemål	<p>Legga vekt på å ivareta og utvikla busetnad og historiske miljø på ein slik måte at naturverdiar og kulturarv og kjem til sin rett.</p> <p>Legga til rette for utvikling av frilufts- og opplevingskommunen Sauda. Ivareta kommunens inngrepsfrie naturområder, og forvalta viktige natur og opplevingskvalitetar.</p> <p>Ivareta, foredla og bygga attraktive offentlige rom og kulturmiljø.</p> <p>Fritidsbustader skal byggast på ein måte som varetar viktige frilufts-, kultur- og naturverdiar og tilgjengeleighet til desse områda.</p> <p>Sikra strandsona for allmenn bruk og etablera ein samanhengande gang-sykkelveg langs kysten (kyststi) og elvelangs.</p> <p>Sikra og utvikla og blå og grøne område, naturområde, og landskapskvalitetar i sentrum og i tilknyting til byggjeområda.</p>

Dette vil me	Me skal
Byggeområda får gode føreseielege vilkår for vidare utvikling	<p>Lokalisering av næringsareal skal skje etter ABC-prinsippet</p> <p>A. Utbygging av detaljhandel og mindre arealkrevjande næringer skal ligga i sentrum, med besøks-, teneste- og handelstilbod på gateplan og hovudsakeleg bustader over.</p> <p>B. Handel som er mindre besøksintensiv, og meir areal- og transportkrevjande skal liggja i område utanfor sentrumskjernen, som td. Treaskjæret.</p> <p>C. Næringer som er areal- og transportkrevjande skal i hovudsak lokaliseras på Birkeland. Næringsverksemrd i denne kategorien, som er avhengig av tilknyting til hamn, skal i hovudsak leggast til Saudasjøen og i Sønnåhamn.</p> <p>Sentrum skal ha ein stor grad av funksjonsblanding med lokalisering av besøksintensive verksemder (handel- og tenesteyting og offentlege tenester), varierte bustader, mangfoldige, aktivitetar og grøne områder.</p> <p>Saudasjøen utviklast til eit attraktivt og identitetsberande senter med turistføremål og næringsområde tilknytt kommunal kai. Bustadområda skal ha varierte og tilgjengelege natur- og friområde.</p> <p>Hellandsbygd Eksisterande næringsareal utviklast, og det leggast til rette for fleire bustader.</p> <p>Birkeland Vidareutviklast som nærings- og landbruksområde. Området dimensjoneras for å dekka langsiktige behov for nærings- og landbruksareal.</p> <p>Treaskjæret skal tilretteleggast for arealkrevjande handel.</p> <p>Vedta ein hyttestrategi før neste rullering av kommuneplan.</p> <p>Oppdatera SEFRAK-registeret</p> <p>Bygga inntil 1000 nye fritidsbustader på eksisterande og nye byggeområde, med grunnlag i kvalitet, lokal verdiskaping og berekraftig material- og ressursbruk. Det skal utviklast berekraftige og varierte områder for mangfoldige fritidsbeboarar med utgangspunkt i 3 prinsipp:</p> <p>Landsby; Gjeld vidare utvikling av Svandalen.</p> <p>Klynger; Gjeld vidare utvikling av etablerte byggeområder i dalføra.</p> <p>Tun; Gjeld høgareliggende område, eldre støls-og hytteområde og strandsonen.</p> <p>Svandalen Fritidsbusetnad med større areal og høg utnyting (landsbypreg). Næring tilknytt skisenteret etablerast rundt alpinanlegget. Legga til rette for vidareutvikling av skisenteret og etablera turløyper som knyt saman Svandal og Lyngmyr til eit samanhengande løpenett.</p> <p>Sikra tilstrekkelege areal slik at eksisterande industri-, landbruks- og næringsverksemder kan drivast og vidareutviklast.</p> <p>Unngå nedbygging av dyrka og dyrkbar mark.</p>

Handlingsplan 2020-2024

Verdiskaping og næringsutvikling Dette handlar om Saudas utvikling og korleis me legg til rette for verdiskaping, næringssliv og kompetanseutvikling. Korleis me involverer oss og tek i bruk våre ressursar og vår kunnskap er avgjerande for vekst, konkurranseskytning og kommunens attraktivitet.	Mål <ul style="list-style-type: none"> • 2200 arbeidsplasser i Sauda. • 225 verksemder med ein eller fleire tilsette. • Vegutløsing til E134 ligg i Regional eller Nasjonal transportplan. • Bygg minst 300 nye hytter. • Ti prosent auke i detaljhandel (må målast). • Etablera samarbeide med lokale landbruksverksemder om å få eit godt utval av lokalt produserte produkt i matbutikkane.
Innovasjon, samarbeid og samskaping Sauda kommune er ein av dei største arbeidsplassane. Sauda kommune er også tenesteleverandør, tilretteleggar, pådrivar og samarbeidspartner og byggjer nettverk for å utvikla Sauda som samfunn. Dette arbeidet skjer i kommunens organisasjon, og i nært samarbeid med aktørar i Sauda og regionalt.	Mål <ul style="list-style-type: none"> • Etablert ein felles arena for samskaping i Sauda. • Oppretthalda andel elevar som tar fagutdanning. • Auka andel innbyggjarar med høgare utdanning med fem prosent. • Minst seksti prosent tilsette i heiltid i Sauda kommune. • Det er etablert minst ei ny verksemd basert på innovativ tenesteyting. • Lokalsamfunnet arbeider saman om nærmiljøtiltak som til dømes leikeplassar, turstiar og møteplassar. • Utarbeida ein frivilligstrategi. • Etablert plattform for dialog og samhandling med barn og ungdom. • Heile Sauda plukkar søppel, med vaksne og ordførar i spissen.
Leva i Sauda Dette handlar om korleis kommunen skal tilrettelegga for at alle kan delta aktivt og likeverdig i fellesskapet. Alle innbyggjarar skal oppleve god helse, mestring, trygghet, livskvalitet, inkludering og tilhørigheit.	Mål <ul style="list-style-type: none"> • Styrka arbeidet innan psykisk helse. • Minst tretti prosent deltaking av kvart kjønn i verksemder, organisasjoner og lag. • Sauda skal ikkje ha fleire unge uføre enn resten av Rogaland. • Minst nittifem prosent med fullført vidaregåande skule etter fem år.
Tettstadutvikling med kvalitet Visar korleis me vil leggja til rette for ei utvikling som skal fremje ein kommune som er attraktiv for besøk, som bustad og for næringsslivet. Ein kommune med tilgjengeleg natur og eit eigenarta og levande sentrum, der me tar omsyn til klima, folkehelse og endringar i befolkningssamansetjing.	Mål <ul style="list-style-type: none"> • Gratis, tilgjengelige møteplassar som legg til rette for aktivitet. • Gjennomføra innbyggerundersøkingar (måla oppleveling av tilbod, trivsel og tryggleik). • Fleire og større fortau i Sauda – det er kjekkare å gå når det plass å gå. Utvida nettverk av gang og sykkelveg gjennom sentrum – bygg samanhengande sykkelveg frå Lona til Svandalsfossen. • Gjera meir ut av strender og badeplassar i Sauda. • Auke naturglede og skapa fleire grunnar for å ikkje reisa andre stader. • Planta meir blomster - fordi det tiltrekker bier.
Energi, klima og miljø Me skal nytta kortreist energi. Me skal tilpassa oss forventa klimaendringar og utvikla Sauda gjennom strategisk arealbruk, fortetting og eit tydeleg fokus på grøn kraft, transport, arealbruk og endringar i livsstil. Dette skal ivareta behovet for reduksjon av klimagassutslipp og syta for god beredskap.	Mål <ul style="list-style-type: none"> • Sauda blir forsøksarena for nye transportløysningar. • Minst tretti prosent av korte reiser er med gang og sykkel. • Tilbod om landstraum til alle båtar som ligg ved kai i Sauda. • Ny industri baserast på sirkulærøkonomi (til dømes fjernvarme frå spilenergi). • Næringsbygg i Sauda har tilbod om fjernvarme, og Sauda kommune brukar fjernvarme eller passive energiløysingar i eigne bygg. • Prioritera klimavenlege og miljøbevisste val. Kommunen har fokus på, og gjennomfører klimavenlege arrangement og bidrar til å fremja ei miljøvenleg handelsnæring. • Gang og sykkelsti langs elva byggast som klimaførebyggjande tiltak. • Arrangere sykkel- og gå konkurransar. • Etablert sykkelparkering med tak, plassert i forhold til aktivitetar i Sauda og etablert ladeplassar for el-sykclar.

Oversikt over planar i kommunen:

Kommuneplan og planstrategi	
Kommunal planstrategi 2017-2020	
Overordna ROS-analyse	Reviderast
Kommunedelplanar	
Kommunedelplan for oppvekst og kultur, vedtatt i 2015	
Kommunedelplan for helse og omsorg, vedtatt i 2017	
Kommunedelplan Svandalen , vedtatt 2008	
Kulturminneplan, vedtatt 2017	Arbeidet med handlingsplan og kart vidareførast etter vedtak av kommuneplan.
Temaplanar og anna	
Frivilligstrategi for Sauda	Arbeid starta
Strategisk næringsplan vedtatt 2017	
Klima- og energiplan, vedtatt 01.09.2010	Reviderast
Overordna beredskapsplan 2011	Reviderast
Helseberedskapsplan - oppdatert desember 2014	
Strategiplan for IKT-samarbeidet i Ryfylke 2014	
IKT-plan for Sauda kommune 2011	
Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Sauda.	Rullerast årleg
Bustadsosial handlingsplan 2017	
Alkoholpolitisk handlingsplan 2013	
Handlingsplan for vold i nære relasjoner	
<i>Plan for integrering</i>	Vurderast
Smittevernplan 2011	
Trafikksikkerhetsplan 2015 - 2019	
Plan for kompetanseutvikling i barnehage og skule	Vurderast
Kompetanseutviklingsplan Helse og omsorg 2011	
Miljø- og ressursplan for Sauda kommune 1994	

Arbeid som er vedtatt starta i kommunestyremøte 06.02.2019	
Forvaltningsplan for naturområder og naturoppleving	I planperioden
Kartlegging av næringsareal i fjell	I planperioden
Sefrak-registeret, kartlegging og oppdatering av data	I planperioden



SYDANDE SAUDA EIT KRAFTSENTER

Sauda kommune 2020

